

Saksframlegg

Dato Referanse Saksbehandlar
06.10.2025 24/31441 Ståle Solgard

Saksnr.	Utval	Møtedato
50/25	Yrkesopplæringsnemnda	03.11.2025
40/25	Rådet for personar med nedsett funksjonsevne	06.11.2025
33/25	Eldrerådet	07.11.2025
35/25	Ungdommens fylkesråd	07.11.2025
55/25	Kompetanse- og næringsutvalet	10.11.2025
	Fylkesutvalet	
	Fylkestinget	

Skole- og tilbudsstruktur for vidaregåande opplæring 2026-2040

Yrkesopplæringsnemnda 03.11.2025 - sak 50/25

Behandling

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Fylkeskommunedirektøren si innstilling**

For: 9 stemmer (100%) - FRP 1, KS 1, LO 3, NHO 2, UAVH 1, Utdanningsforbundet 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Tilråding:

1. [Fylkestinget vedtar ny skole- og tilbudsstruktur for vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal fylkeskommune for perioden 2026-2040 slik den er lagt fram i Framsikt.](#) Vedtak om ny skole- og tilbudsstruktur inneber at:
 - a. Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren innføre *Bedriftsmodellen* som eit alternativ til ordinær yrkesfagleg utdanning for Stranda vgs og Tingvoll vgs, [og vedtar retningslinjene for innføring av bedriftsmodellen slik dei er lagde fram i Framsikt.](#)

- b. Fylketstinget ber fylkeskommunedirektøren slå Tingvoll vgs saman med Sunndal vgs i kombinasjon med innføring av Bedriftsmodellen, [slik det kjem fram i Framsikt](#). Det skal framleis vere undervising på begge stadane, men med felles skoleadministrasjon og leing. Den formelle samanslåinga skal skje 1. august 2027 etter ein god prosess i samarbeid med HR.
- c. Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren slå Stranda vgs saman med Sykkylven vgs i kombinasjon med innføring av Bedriftsmodellen, [slik det kjem fram i Framsikt](#). Det skal framleis vere undervising på begge stadane, men med felles skoleadministrasjon og leing. Den formelle samanslåinga skal skje 1. august 2027 etter ein god prosess i samarbeid med HR.
- d. Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren rullere tilbudsstrukturen til den vidaregåande opplæringa i Møre og Romsdal, [slik den kjem fram i Framsikt](#).
- e. Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren sette i verk utviklingstiltaka som utgreidd under [fase 1 \(2026-2029\)](#), [fase 2 \(2029-2036\)](#) og [fase 3 \(2036-2040\)](#) i skole- og tilbudsstrukturen, og ber kompetanse- og næringsutvalet følge opp desse tiltaka i det vidare.

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

1. [Fylkestinget vedtar ny skole- og tilbudsstruktur for vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal fylkeskommune for perioden 2026-2040 slik den er lagt fram i Framsikt](#). Vedtak om ny skole- og tilbudsstruktur inneber at:
 - a. Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren innføre *Bedriftsmodellen* som eit alternativ til ordinær yrkesfagleg utdanning for Stranda vgs og Tingvoll vgs, [og vedtar retningslinjene for innføring av bedriftsmodellen slik dei er lagde fram i Framsikt](#).
 - b. Fylketstinget ber fylkeskommunedirektøren slå Tingvoll vgs saman med Sunndal vgs i kombinasjon med innføring av Bedriftsmodellen, [slik det kjem fram i Framsikt](#). Det skal framleis vere undervising på begge stadane, men med felles skoleadministrasjon og leing. Den formelle samanslåinga skal skje 1. august 2027 etter ein god prosess i samarbeid med HR.
 - c. Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren slå Stranda vgs saman med Sykkylven vgs i kombinasjon med innføring av Bedriftsmodellen, [slik det kjem fram i Framsikt](#). Det skal framleis vere undervising på begge stadane, men med felles skoleadministrasjon og leing. Den formelle samanslåinga skal skje 1. august 2027 etter ein god prosess i samarbeid med HR.
 - d. Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren rullere tilbudsstrukturen til den vidaregåande opplæringa i Møre og Romsdal, [slik den kjem fram i Framsikt](#).
 - e. Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren sette i verk utviklingstiltaka som utgreidd under [fase 1 \(2026-2029\)](#), [fase 2 \(2029-2036\)](#) og [fase 3 \(2036-2040\)](#) i skole- og tilbudsstrukturen, og ber kompetanse- og næringsutvalet følge opp desse tiltaka i det vidare.

Samandrag

Innstillinga til fylkeskommunedirektøren er ei langsiktig og planmessig tilpassing til eit nytt elevtal, og erstattar i år også den årlege saka om rullering av skole- og tilbodsstrukturen.

Dette er ikkje ei sparesak for kortsiktig gevinst. Skole- og tilbodsstruktur 2026-2040 skal sikre nødvendig omstilling dei neste åra og balanserer omsynet til kvaliteten i opplæringa, økonomisk berekraft, distrikta og samfunnets kompetansebehov i ei tid der elevtalet vil falle kraftig.

I kunnskapsgrunnlaget og høyringsdokumentet er det vist kva dei største moglege innsparingane er. Fylkeskommunedirektøren har mellom anna vurdert å legge ned Stranda vgs og Tingvoll vgs. Dette er framleis alternativ, men etter den opne høyringa har fylkeskommunedirektøren gjort ei ny vurdering der distriktsomsyn og høyringsinnspel er sterkt vektlagt.

For dei to strukturtiltaka er derfor innstillinga å slå saman Stranda vgs med Sykkylven vgs og Tingvoll vgs med Sunndal vgs, samt å innføre ein *bedriftsmodell* for begge skolane med framleis lokal undervising i fellesfaga. Innføringa av bedriftsmodellen ved Tingvoll vgs og Stranda vgs gir om lag 12,3 mill. kroner mindre i innsparing enn alternativa som vart vurderte i høyringsdokumentet om å legge ned Tingvoll vgs og slå saman Stranda vgs med Sykkylven vgs.

Fylkeskommunedirektøren forventar at ein arbeider med å få ned driftskostnader knytt til skolebygga dersom innstillinga blir vedtatt, då både Tingvoll vgs og Stranda vgs har store ubrukte areal. Ein vil då kunne hente inn noko meir i innsparingar på sikt, men desse er ikkje rekna inn i saka fordi ein er usikker på korleis dette arbeidet vil arte seg og kva det faktiske moglegheitsrommet er.

I lys av dei nye vurderingane meiner fylkeskommunedirektøren at alternativa som er innstilt på, er dei best egna til å sikre tilbod og læreplassar i distrikta og samtidig gi moglegheiter til å tilpasse areal og ressursbruk til det nye elevgrunnlaget. Innstillinga vil gjere fylkeskommunen betre rusta til å omstille seg raskt ved behov.

Skole- og tilbodsstrukturen er ein krevande balanse. Ein desentralisert skolestruktur med særleg budsjettfordeling til små skolar innskrenkar det økonomiske handlingsrommet til dei større. Over tid, dersom ubalansen blir for stor, vil elevane ved større skolar kunne få svekka kvalitet i opplæringa.

[Eit eksempel finn ein i kunnskapsgrunnlaget, der ein peiker på utfordringar ved korleis elevar som tapar konkurransen om inntak på større nærsolar blir vidaresøkte som hybelbuarar til små distriktssolar med ledig kapasitet.](#) Denne utfordringa meiner fylkeskommunen blir avgrensa med forslaget som er innstilt på, då ein tilrår å legge ned dårleg søkte klassar. Ein vil då reduserer moglegheitene for ein slik oppfyllingsdynamikk, noko som vil vere til det beste for denne elevgruppa.

Fylkeskommunedirektøren understrekar at ein vil måtte gjere nye vurderingar og justeringar der ein ser liknande negative utslag gjennom perioden. Utviklingstiltaka som er innstilt på er viktige

for å ruste fylkeskommunen til eit slikt arbeid. Utviklingstiltaka har ingen kortsiktige innsparingar knytte til seg, men utgjer ein viktig førebuande funksjon for å hente innsparingar gjennom vidare justeringar der behovet oppstår.

Samla sett handlar utviklingstiltaka om å betre samarbeid mellom skolar i inntaksregionar, drive felles og meir heilskapleg planlegging og å utforske alternative moglegheiter i forkant av det store fallet i elevtalet som kjem særleg i fase 2 og 3. Utviklingstiltaka ser også på korleis ein kan tilpasse skoleareala til nytt elevtal, og skal greie ut korleis ein kan gripe moglegheiter for meir fleksible utdannings- og opplæringsløp der rettane til elevane også blir svara godt ut.

Bakgrunn

Fylkestinget slutta seg til arbeidet med ny skole- og tilbodsstruktur i sak [54/24 Oppstartsmelding. Ny skole- og tilbodsstruktur 2026-2040](#). Slik beskriv oppstartsmeldinga bakgrunnen for saka:

"Den økonomiske og demografiske situasjonen til Møre og Romsdal fylkeskommune krev at vi gjer ein grundig vurdering av korleis ein bør drifte den vidaregåande opplæringa framover. Elevframskrivingane viser at talet på elevar skal kraftig ned i åra fram mot 2040. Stadig færre elevar og ein trongare fylkeskommunal økonomi vil gjere det umogleg å drive den vidaregåande opplæringa slik vi gjer i dag. Dagens skolestruktur blir raskt utdatert og lite berekraftig, og dette kan gå utover både økonomien til fylkeskommunen og kvaliteten til den vidaregåande opplæringa på skolane våre. For å sikre ei best mogleg omstilling er det avgjerande at ein greier ut og gjer tiltak i forkant av den største elevnedgangen"

Desse prinsippa ligg til grunn for saka

Saka har greidd ut ulike alternativ til ei trinnvis innføring av ny skole- og tilbodsstruktur. Alternativa er tilpassa elevframskrivingar og kompetansebehova til dei ulike skoleregionane i fylket, og ein har lagt desse prinsippa til grunn for arbeidet:

- **Ansvarleg økonomisk forvaltning.** Ein må utnytte ressursane betre og sikre økonomisk berekraft i skolesektoren i møte med færre elevar.
- **God opplæring i eit godt miljø.** Alle elevar skal få eit tilbod som svarar på retten deira til vidaregåande opplæring (jf. kapittel 5 i opplæringslova). Lova pliktar fylkeskommunen å legge til rette for at ungdom og vaksne får god opplæring i eit godt miljø (jf. § 1-1). Opplæringa skal med andre ord ha tilstrekkeleg kvalitet og skje i eit trygt miljø, og dette skal gjelde uavhengig av kor i fylket opplæringa blir gitt.
- **Lærande profesjonsfellesskap.** Skole- og tilbodsstrukturen skal bidra til eit lærande profesjonsfellesskap mellom skolar, tilsette og arbeidslivet. Dette er avgjerande for å sikre ei heilskapleg og framtidsretta vidaregåande opplæring, der dei som gir opplæring innehar oppdatert kompetanse og lærar av kvarandre og i samarbeid med arbeidslivet.

- **Distriktsomsyn.** Den vedtatte oppstartsmeldinga understrekar at distriktpolitiske omsyn skal vere ein del av grunnlaget for arbeidet i saka. Distriktpolitiske omsyn har blitt vurdert i ulike delrapportar, mellom anna knytt til elevtalsutvikling, kompetansebehov og kvalitet i opplæringa.

Samla sett er det også vurdert kva som er til det beste for elevane, då kva som er til det beste for elevar skal vere eit grunnleggande omsyn i alle handlingar og avgjerder som vedkjem dei ([Opplæringslova, 2023, § 10-1](#), [Grunnloven § 104 andre ledd](#) og [Barnekonvensjonen art. 3 nr. 1](#)). Høgsterett har sagt at omsynet til elevens beste ikkje er det einaste eller avgjerande omsynet, men at det skal bli lagt stor vekt på og vere eit utgangspunkt for vurderinga i saker som omhandlar barn ([Kunnskapsdepartementet, 2025](#)).

Prinsippa ligg også til grunn for dei ulike delrapportane i kunnskapsgrunnlaget. Det er her viktig å understreke at delrapportane er tematisk avgrensa, og at ikkje alle prinsippa er like relevante for kvar av dei. Lærande profesjonsfellesskap, god opplæring i eit godt miljø og vurderingar av det beste for eleven har vore førande prinsipp for [Delrapport. Kvalitet i opplæringa](#), mens prinsippet om ansvarleg økonomisk forvaltning og distriktsomsyn er meir relevant for [Delrapport. Elevtalsutvikling, kompetansebehov og tilbud](#) og [Delrapport. Økonomi](#).

Prosess og medverknad

Saka og utgreiingsarbeidet har vore organisert som eit forprosjekt med styringsgruppe, prosjektgruppe, referansegrupper og fleire mindre arbeidsgrupper. Det er kompetanse- og næringsdirektøren som har leia styringsgruppa. I referansegruppa finn ein leiarane for elevråda, Ungdommens fylkesråd, rektorane, Kompetanse- og næringsutvalet og OD-møte (her er tillitsvalde og hovudverneombod inkluderte).

Prosjektleiaren har fått mandat til å leie prosjektet av styringsgruppa ved kompetanse- og næringsdirektøren. Mandatet legg til grunn det politiske vedtaket, men med presisering om at tiltak ikkje skal medføre nye kostnader eller vesentlege investeringar. Det er derfor heller ikkje leigd inn eksterne tenester.

[Arbeidsgruppene har hatt ansvaret for kvar sin delrapport, som saman utgjer kunnskapsgrunnlaget i saka.](#) Både høyringsdokumentet og forslaget fylkeskommunedirektøren innstiller på bygger på kunnskapsgrunnlaget.

Oppstartsmeldinga ga føringar om dialog med Stranda og Tingvoll kommunar om moglegheiter for alternative utdanningstilbod i samarbeid med kommunar, næringsliv og fylkeskommunen. Denne dialogen har gått gjennom kompetanse- og næringsdirektøren, som har meldt tilbake til prosjektleiar for å sikre at innspela frå kommunane er ein del av utgreiinga. Kompetanse- og næringsdirektøren har også hatt dialogen med referansegruppa. Alle har fått høve til å kome med innspel til prosessen.

Saka hadde ei open høyring frå juni til september. Fylkeskommunedirektøren mottok til saman 134 svar på høyringa.

- [Ein finn ei nærare oversikt over medverknads- og informasjonsmøte på nettsida til fylkeskommunen.](#)
- [Ein finn alle høyringsinnspela på nettsida til fylkeskommunen.](#)

Vurdering

[Vurderingane frå høyringsdokumentet og det tilhøyrande kunnskapsgrunnlaget står seg i stor grad også etter høyringa, og fylkeskommunedirektøren viser derfor til høyringsdokumentet i Framsikt.](#) Innspela frå høyringa har likevel ført til fleire større og mindre justeringar. Det er desse fylkeskommunedirektøren vurderer særleg i det vidare saksframlegget.

Innspela og dei tilhøyrande justeringane blir drøfta og vurderte trinnvis frå inntaksregion til inntaksregion. Dette er den same rekkefølge som i Skole- og tilbudsstrukturen slik den er lagt fram i Framsikt for fase 1 (2026-2029). Justeringar av utviklingstiltak kjem for seg sjølv.

Fylkeskommunedirektøren har ikkje kommentert og svara ut alle innspela i saksframlegget, då omfanget var stort og mange av innspela hadde samanfallande budskap.

[Fylkeskommunedirektøren har likevel lese og vurdert alle høyringsinnspela, og innspela er alle tilgjengeleg på nettsida til fylkeskommunen.](#)

Merk at det er saksframlegget som peiker på justeringane som er gjort og kva høyringsinnspel som ligg til grunn. Skole- og tilbudsstrukturen i Framsikt er utforma som eit konkret og verksamt styringsdokument, og det er dette dokumentet fylkeskommunedirektøren innstiller på.

Overordna vurderingar under distriktsomsyn (Bedriftsmodellen)

[Fylkeskommunedirektøren har gjort ei ny samla vurdering av Bedriftsmodellen på bakgrunn av innspel frå eit breitt og tverrfagleg miljø frå både Stranda og Tingvoll.](#)

Dei ulike lokale modellane, "Tingvollmodellen" frå Tingvoll og "Bedriftsmodellen" ved Stranda, er begge variantar av "Steigenmodellen" frå Nordland fylkeskommune. Vidare i dokumentet blir desse omtala under fellesnemninga Bedriftsmodellen, fordi namnet er vurdert å vere mest dekkande som ein felles modell for dei to områda og fylket. Denne vurderinga legg grunnlaget for innstillinga om å innføre bedriftsmodellen ved Stranda vgs og Tingvoll vgs:

- Formålet er å sikre lokalt yrkesfagtilbod og læreplassar der elevgrunnlaget er for svakt til å halde oppe ordinære klassar. Vurderinga bygger særleg på søknad frå Stranda-miljøet og utgreiinga Studiebygda Tingvoll med støtte frå lokalt næringsliv.
- Modellen følger prinsippa for ordninga Full opplæring i bedrift 0+4 med lærekontrakt frå dag ein. Dette inneber tre dagar i bedrift og to dagar fellesfag dei to første åra. Innføringa bør skje frå skoleåret 2027–2028, med rekrutterings- og formidlingsløp frå hausten 2026 og med minstekrav til fellesfagklassar. Det vil vere mogleg å samkøyre med

naturbruk på Stranda, mens Tingvoll kan samkøyre ved Sunndal vgs ved låge søkartal til egne fellesfagklassar.

- Det har vore eit ønske å starte allereie frå skoleåret 2026–2027. Dette vurderer fylkeskommunedirektøren som urealistisk. Bedriftsmodellen krev at elevar allereie ved søknadstidspunktet må bestemme seg for lærefag og inngå ein fireårig lærekontrakt med ei bedrift. Dette krev tid til rekruttering, informasjon og modning både for elev, foreldre og bedrift. Ein tidleg oppstart aukar risikoen for feilval og manglande forankring i både skole- og næringsliv. Ein trygg og trinnvis innføring frå 2027–2028 vil svare betre på omsynet til eleven og styrke kvaliteten i samarbeidet mellom skole og bedrift.
- Omfanget er inntil 15 nye lærlingar per år per skole, og rekruttering av elevar og lære plassar skal skje innan eigne inntaksområde for å unngå konkurranse med ordinære løp ved naboskolar.
- Kvaliteten blir sikra gjennom tett oppfølging, systematisk fellesfagundervisning, samlingar og koordinator i 50 prosent stillingsressurs ved kvar skole, og vurderinga gjer klart at modellen ikkje er eigna som tiltak mot utanforskap utan særleg tilrettelegging.
- Det er risikoar knytt til at ungdommen er unge og at sjansane for feilval og tidlege avbrot er høgare. Vurderinga slår fast at ein ikkje kan gå ut frå høgare gjennomføring enn i ordinær fagopplæring. Ein må følge modellen tett på søking, kapasitet, kostnader og resultat.
- Modellen bør bli kopla til strukturgrep: Fylkeskommunedirektøren innstiller på å slå Stranda vgs saman med Sykkylven vgs frå 1. august 2027, med lokale tilbod og overgang til 0+4 i aktuelle fag. Samstundes er foreslår fylkeskommunedirektøren å slå Tingvoll vgs saman med Sunndal vgs frå 1. august 2027 med tilhøyrande areal- og driftsavklaringar.

Nordmøre inntaksregion

- **Tingvoll vgs:** Fylkeskommunedirektøren innstiller på å slå saman Tingvoll vgs med Sunndal vgs frå 1. august 2027, men med overgang til Bedriftsmodellen 0+4 for yrkesfag ved Tingvoll og vidareføring av kombinert klasse i studiespesialisering og idrett for å sikre lokalt tilbod og berekraftig drift. Dette svarar ut høyringsinnspel frå Tingvoll kommune, lokalt næringsliv og fleire om å bevare tilbod lokalt gjennom 0+4 og om å tilpasse drift til faktisk elevgrunnlag og byggsituasjon. Med unntak av Bygg- og anleggsteknikk vert det ikkje gjort endringar i skoleåret 2026/2027.
- **Atlanten vgs:** Høyvinga har ikkje medført noko endring i vurderingane knytte til Atlanten vgs. Fylkeskommunedirektøren foreslår ingen endring for Musikk, dans og drama ved Atlanten i fase 1, men vil følge søkinga og økonomien tett og sjå tilbodet i samanheng med utvikling av Kristiansund vgs. Dette svarar ut innspel om å vareta kulturfagleg profil, samstundes som økonomi og elevgrunnlag blir vurdert ved rulling.
- **Kristiansund vgs:** Fylkeskommunedirektøren merkar seg at ein manglar 3 elevar til å fylle klassane Vg2 Tømrar og Vg2 røyrleggar etter 2.-inntaket for skoleåret 2025/2026. Dette

gjør det tydelegare at Kristiansund vgs ikkje har rom for det nye programområdet Vg2 Klima, energi og miljøteknikk, då det vil øydelegge søkinga til dei to skolen har frå før.

- **Sunndal vgs:** Fylkeskommunedirektøren innstiller på å slå Tingvoll vgs saman med Sunndal vgs frå 1. august 2027. Vidare foreslår ein å utvikle Bygg- og anleggsteknikk ved Sunndal i fase 1 for å styrke Teknologi- og industrifag. Fylkeskommunedirektøren meiner det ikkje er søkargrunnlag for begge tilboda, og ser ei sikring av Teknologi- og industrifag som mest framtidsretta. Sikringa av Teknologi- og industrifag svarar også ut høyringsinnspel om viktigheita av nettopp teknologi- og industrikompetanse på Nordmøre. Fylkeskommunedirektøren held fast på forslaget om å legge ned Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfag trass motargument frå skoleutvalet og Utdanningsforbundet, då ein ser det som rett å styrke Helsearbeidarfaget som er ei prioritering av særleg samfunnskritisk kompetanse som gjeld heile fylket. Påbygg vg4 blir oppretta, men berre om tilsvarende tilbod ved Surnadal vgs blir lagt ned.
- **Surnadal vgs:** Fylkeskommunedirektøren innstiller på å samle Påbygg Pb3 og Pb4 ved Sunndal og ta ut desse tilboda ved Surnadal. Pb4 vil også bli tilbydd gjennom Nettskolen. Fylkeskommunedirektøren står fast på vurderingane, trass motstand i fleire høyringsinnspel. Ein vurderer at bortfallet av Pb3 og Pb4 inneber ei viss svekking av det lokale tilbodet, men at avstanden til Sunndal vgs er akseptabel og særleg for elevar på Vg3. Søkartala er tydelege på at det ikkje er grunnlag for meir enn ein klasse samla for Sunndal og Surnadal vgs.

Romsdal inntaksregion

- **Hustadvika vgs:** Fylkeskommunedirektøren innstiller på å utvikle Studiespesialisering og YSK-TIF ved Hustadvika frå skoleåret 2025–2026. For å kompensere for bortfallet av to studieførebuande tilbod, og for å avhjelpe det store presset mot dei to Molde-skolane, er det forslått å opprette Idrettsfag ved skolen.
- **Molde vgs:** Fylkeskommunedirektøren innstiller på å halde på 4-årig Studiespesialisering Toppidrett etter å ha fått korrigert informasjon i kunnskapsgrunnlaget. Det er avklart kapasitet til å auke med ei ekstra klasse Studiespesialisering dersom det er vurdert å vere behov for dette etter søknadsfristen 1. mars 2026. Dette er ei følge av erfaringane kring inntaket for skoleåret 2025/2026.
- **Romsdal vgs:** Fylkeskommunedirektøren innstiller på å behalde og ikkje gjere endringar for treårige løp ved Romsdal vgs innan helse- og oppvekst og elektro og datateknologi som gir studiekompetanse. I tillegg blir det vurdert moglegheiter for å auke kapasiteten på yrkesfag. Så langt er det avklart at ein ved behov kan ta inn ein ekstra klasse på Vg1 Teknologi og industrifag.
- **Rauma vgs:** Det er ikkje foreslått endringar ved Rauma vgs for dei neste tre skoleåra.
- **Gjermundnes vgs:** Etter søknad frå skolen er *Påbygging til generell studiekompetanse etter yrkeskompetanse* lagt inn i tilbodet til skolen.

Nordre Sunnmøre inntaksregion

- **Stranda vgs:** Fylkeskommunedirektøren innstiller på å slå saman Stranda vgs og Sykkylven vgs til ein skole frå 01.08.2027, med undervisningstilbod begge plassar. For Stranda er innstillinga å behalde det studieførebuande tilbodet (Studiespesialisering og idrettsfag) og Naturbruk, og erstatte ordinært løp for andre yrkesfag med Bedriftsmodellen. Vg1 Helse og oppvekstfag og Vg2 Helsearbeidarfag blir teke ut av tilbodet fordi ein går ut frå at også Helsearbeidarfaget skal inngå i Bedriftsmodellen som følge av ein allereie inngått intensjonsavtale. Det ordinære tilbodet for Helse og oppvekstfag vil vere tilgjengeleg i Sykkylven. Innstillinga svarar ut sterke lokale innspel om å halde oppe tilbod og læreplassar og tar omsyn til pendledistansar og rekrutteringsbehov.
- **Sykkylven vgs:** Fylkeskommunedirektøren innstiller på å slå saman Stranda vgs og Sykkylven vgs til ein skole frå 1. august 2027, med undervisningstilbod begge plassar. For Sykkylven er innstillinga å oppretthalde dagens tilbod med unntak av Vg2 Barne og ungdomsarbeidarfag. Her er innstillinga å halde fram med halv klasse for begge programområde i eitt år til, og deretter ei heil klasse Helsearbeidarfag, tilsvarande praksis i resten av fylket. Ein gjer også merksam på at Stranda vgs vil kunne rekruttere søkarar til Bedriftsmodellen frå både Stranda og Fjord kommunar. Dette kan påverke søkinga til ordinære yrkesfag til Sykkylven vgs, som har søkarar frå både Stranda og Fjord kommunar i dag. Innstillinga balanserer høyringsinnspela om å behalde undervisningstilbod og koplinga til den lokale industrien.
- **Haram vgs:** Fylkeskommunedirektøren innstiller på oppretthalde eksisterande YSK-tilbod ved skolen. Dette svarar ut høyringsinnspel frå lokalt næringsliv, skoleutval og elevråd. Tilbodet viser seg også å vere rimelegare å drifte etter innføring av ny ressurstildelingsmodell. Når det gjeld søknad om YSK-helsefag er innstillinga at tilbodet ikkje skal opprettast. Fylkeskommunedirektøren innstiller på å legge ned Påbygg Pb3 og Pb4. Påbygg har hatt dårleg oppfylling og ved å samle tilbodet på færre skolar får ein færre ledige plassar totalt.
- **Ålesund vgs:** Fylkeskommunedirektøren innstiller på å legge ned 4-årig Studiespesialisering med toppidrett på grunn av manglande søking til tilbodet. Kapasiteten på Teknologi og industrifag vil bli auka med ei klasse på Vg1 og ei klasse for Vg2 Maritime fag.
- **Borgund vgs og Spjelkavik vgs:** Fylkeskommunedirektøren foreslår ingen endring i fase 1 ved Borgund og Spjelkavik, men vil vurdere desse saman med Ålesund vgs i utviklingsprosjektet for Ålesund-strukturen for å sikre heilskap mot 2040. Dette svarar ut innspel om koordinert dimensjonering og å prioritere moderne skolebygg.

Søre Sunnmøre inntaksregion

- **Herøy vgs:** Fylkeskommunedirektøren innstiller på å behalde Bygg- og anleggsteknikk og Restaurant- og matfag ved Herøy vgs fram til ein ser kva kapasiteten på Ørsta vgs blir etter at nytt skolebygg er klart. Dette svarar ut og balanserer høyringsinnspel om

behovet for kompetanse i regionen, skolebygg og elevtalsutvikling. Innstillinga etter høyringa er framleis å legge ned Pb3 og Pb4. Det er mange høyringssvar som argumenterer mot. Fylkeskommunedirektøren ser likevel ikkje at det har kome fram ny informasjon som talar for å justere vurderinga. Pb4, påbygg for dei som har fagbrev, kan ein no også ta gjennom Nettskolen i Møre og Romsdal.

- **Ulstein vgs:** Høyringa har ikkje medført noko endring i vurderingane knytte til Ulstein vgs.
- **Volda vgs:** Frå fylkeskommunedirektøren er innstillinga framleis å ta ut Medium og kommunikasjon ved Volda og auke kapasiteten for Kunst, design og arkitektur, men å utsette dette tiltaket i eitt år, i påvente av behandling av søknad om ny landslinje for Nynorsk Medium og kommunikasjon. Dette balanserer innspel om verdien av MK i eit samla medieløp mot økonomi og situasjonen med låge søkartal.
- **Ørsta vgs:** Fylkeskommunedirektøren har ikkje endra vurderingane for Ørsta vgs for fase 1. Søknad om oppstart av Vg2 anleggsteknikk er ikkje tilstrekkeleg utgreidd, og ein vil kome tilbake til dette ved rullering av tilbodsstruktur.

Utviklingstiltak

- **Utvikling av Kristiansund vgs (fase 1):** I 2025 blei det sett av investeringsmidlar for å planlegge utvikling av bygningsmassen ved Kristiansund vgs. Fagskolen har flytta inn i nye lokale, og det er venta stor nedgang i elevtalet. Fylkeskommunedirektøren meiner det er nødvendig med ei grundig vurdering og plan for vidare utvikling. Atlanten vgs skal også vere med i desse vurderingane. Tiltaket blir følgt opp med forslag om investeringsmidlar i ny økonomiplan.
- **Felles skoleårsplanlegging for Rauma vgs og Gjermundnes vgs (fase 1):** Fylkeskommunedirektøren foreslår felles skoleårsplanlegging mellom Rauma og Gjermundnes vgs. Målet er å styrke kapasitet, fagmiljø og logistikk mellom to små einingar. Tiltaket bygger på innspel om sårbare fagmiljø og ustabile klassar. Arbeidet er godt i gang og kan bli nyttig for andre små skolar som må tenke nytt for å oppretthalde vidaregåande opplæring i distrikta.
- **Samarbeid mellom Sunndal og Surnadal om tilbodsstruktur for indre Nordmøre (fase 2):** Fylkeskommunedirektøren innstiller på samarbeid mellom Sunndal og Surnadal vgs med felles planlegging, delt undervisning og samdrift. Dette skal møte nedgangen i elevtal på Indre Nordmøre og sikre sterke fagmiljø på tvers av skolane. Tingvoll skal også inngå i tilbodsstrukturen, då skolen er tilrådd som undervisingsstad under Sunndal vgs. Når elevtalet går ned i regionen er skolane avhengige av å utfylle kvarandre for å gi eit samla og attraktivt tilbod til elevane i regionen.
- **Omstilling ved Hustadvika vgs (fase 2):** Fylkeskommunedirektøren innstiller på at Hustadvika vgs skal greie ut framtidig profil, mogleg maritime tilbod og bygg. Bakgrunnen er endra søkemønster, behov for utvikling, renovering av bygg og venta nedgang i elevtal. Det skal også bli vurdert korleis skolen kan samarbeide med Romsdal vgs. Idrettsfag er foreslått som ein del av framtidig tilbod.

- **Utvikling av Ålesund vgs (fase 2):** Fylkeskommunedirektøren foreslår vidare utvikling av Ålesund vgs, med bygg og dimensjonering på Fagerlia, Volsdalsberga og Sørsida. Det skal også vere ei klar rollefordeling mot Borgund og Spjelkavik. Tiltaket svarar på høyringsinnspel om å samordne investeringar, byggstatus og elevtalsnedgang i byområdet.
- **Fordeling av tilbod mellom Ørsta vgs og Herøy vgs (fase 3):** Fylkeskommunedirektøren innstiller på å vurdere behovet for kapasitet og tilbod ved Herøy vgs når framdrifta og kapasiteten for nytt skolebygg i Ørsta er avklart. Søking til Bygg- og anleggsteknikk og Restaurant- og matfag dei komande åra vil vere avgjerande for vurderinga. Elevtalsnedgangen kjem seinare i denne regionen, men vil bli stor. Fylkeskommunedirektøren meiner det viktigaste tiltaket her er å få til ei god og berekraftig fordeling av tilbod og kapasitet mellom Ørsta og Herøy vgs, basert på søkartal og økonomi.

Konklusjon

Møre og Romsdal fylkeskommune står i ein krevande økonomisk situasjon, som blir forsterka av venta nedgang i frie inntekter som følge av demografiske endringar. Dei frie inntektene blir fastsette gjennom statsbudsjettet årleg og justerte mellom anna etter endringar i folketalet. Utan endringar i inntektssystemet eller ekstraordinære tildelingar, vil fylkeskommunen ha om lag 377 mill. kroner mindre i frie inntekter i 2040. Nedgangen startar frå 2028 og aukar gradvis med rundt 30 mill. kroner per år, med størst reduksjon i fase 2 og 3.

Skole- og tilbodsstrukturen foreslår ei rekke strukturtiltak og tilbodstiltak allereie i fase 1. Desse ber med seg innsparingar på om lag 12,85 mill. kroner. Full effekt av tiltaka vil først skje i 2029, då elevar skal få fullføre på skolen dei har starta utdanninga si. Dette betyr at innsparinga vil skje gradvis frå skoleåret 2026/2027. Det største potensialet for innsparingar ligg likevel i ein jamn reduksjon av klassar gjennom periode 2 og 3. Når elevtalet går ned, må talet på klasser bli redusert.

På fleire skolar kan dette bli gjort ved å kutte parallelle klasser innan same tilbod. Fylkeskommunedirektøren kan tilpasse dette utan politisk vedtak basert på søkartal. For kvar klasse som blir fjerna, sparar fylkeskommunen om lag 1 mill. kroner i klasseressursar gjennom budsjettfordelingsmodellen. Desse innsparingane er ikkje rekna inn i saksframlegget, då dei er årlege justeringar. Når elev- og klassetalet blir redusert får skolane også mindre elevressursmidlar. Dette medfører ei estimert innsparing på om lag 90 mill. kroner i 2040 samanlikna med 2025.

Samla er dette likevel ikkje nok til å møte inntektsnedgangen på 377 mill. kroner. Utviklingstiltaka skal derfor greie ut vidare justeringar og tiltak særleg for periode 2 og 3, og fylkeskommunen ber kompetanse- og næringsutvalet følge opp desse tiltaka og behandle nye justeringar i skole- og tilbodsstrukturen der det oppstår behov og moglegheitsrom. Fylkeskommunedirektøren ser også behovet for ei større ny sak for større justeringar av skole- og tilbodsstrukturen i forkant av den største elevnedgangen i fase 3 (2036-2040).

I lys av høyringa og dei nye vurderingane meiner fylkeskommunedirektøren at alternativa som er innstilt på er dei best egna til å sikre tilbod og læreplassar i distrikta og samtidig tilpasse areal og ressursbruk til det nye elevgrunnlaget og gjere fylkeskommunen betre rusta til å omstille seg raskt ved behov.

Skole- og tilbodsstruktur er ein krevande balanse. Ein desentralisert skolestruktur med særleg budsjettfordeling til små skolar innskrenkar det økonomiske handlingsrommet til dei større. Over tid, dersom ubalansen blir for stor, vil elevane ved større skolar få ein svekka kvalitet.

Fylkeskommunedirektøren konkluderer derfor at ein må vere klar til å justere og gå inn i nye vurderingar der det blir behov for omstilling og justeringar undervegs i perioden 2026-2040.

Toril Hovdenak
fylkeskommunedirektør

Vedlegg

Skole- og tilbodsstruktur for vidaregåande opplæring 2026-2040